


**Referat frå møte nr 7 i prosjektgruppa**

DATO/TID: 08.06.2023 kl 14:00-15:30
MØTE NR: 7
STAD: Volda rådhus, Austefjorden (113), 1. etg.
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjekteigar), Nina Kvalen (prosjektleder), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Håvard Strand (skule), Wenche Skjærvik (reinhold), Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet), Sonja Hovden (HVO), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet), Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet)
FRÅFALL: Anita Gaarder (barnehage)
Finn-Preben Mathisen (RS) skal ikkje lenger jobbe med RS, og vil ikkje delta på møta
MØTELEIAR: Berit Lyngstad
REFERENT: Nina Kvalen

Sak nr	SAK/KONKLUSJON	Ansvarleg
28/23	<p>Oppgåvekartlegging i helse og omsorg – evaluering samlingar mai/juni 2023</p> <ul style="list-style-type: none">- Deltakarane vart utfordra, opplæringa sette i gang tankeverksemd, ordinær praksis vart utfordra, oppgåver vert utført av ulike fagstillingar i dag i dei ulike seksjonane.- Nyttig med erfaringslæring mellom seksjonane.- Det vart ikkje informert om at deltakarane skulle ta med gråpapiret frå 1. til 2. samling.- Døme frå i dag: Ein tilsett vil gå opp i større stilling, men får ikkje det av arbeidsgivar. Viktig å ha fokus på dette vidare.- Skulle ønske det var ein oppskrift å nytte seg av vidare.- Det er viktige tema som blir sett på dagsorden: Kompetanseheving, bemanningsplanlegging, økonomi- Det er fleire arbeidsplassar som ønsker å prøve ut nye turnusar: Langvakter og halvårsturnus/periodeturnus (som alternativ til årsturnus etter tilråding frå KS Konsulent) <p>Svein og leiargruppa i helse og omsorg – vidare framdrift</p> <ul style="list-style-type: none">- Må ta arbeidet vidare; korleis jobbe med dette på arbeidsplassane?- Kva slags kartleggingsverktøy skal brukast i arbeidet? <p>Institusjonstenesta – vidare framdrift</p> <ul style="list-style-type: none">- Seksjonsleiarmøte neste veke- Henge opp gråpapiret med oppgåvekartlegging på arbeidsplassane- STIM-møte- Nytt seksjonsmøte etter ferien <p>Oppgåvekartlegging - ytterlegare opplæring</p> <ul style="list-style-type: none">- Det kan bli aktuelt med ny runde med opplæring i oppgåvekartlegging, slik at fleire avdelingar i helse/omsorg får same opplæring som institusjonstenesta- Det kan vere aktuelt å sjå nærare på Tørn-prosjektet, som er gratis for kommunane å delta i, får tilført kompetanse	



29/ 23	Politisk sak i juni: Utvikling av helse- og omsorgstenestene <i>Om ekstra midlar til heiltidskultur og tenesteanalyse knytt til innsatstrappa</i> Svein, i samarbeid med Berit, har lagt fram politisk sak der ein ber om ekstra midlar til frikjøp og tiltak i heiltidskulturprosjektet, og til å gjennomføre ein tenesteanalyse knytt til innsatstrappa. Saka vart vedteke i formannskapet 13.06.23, og skal handsamast i kommunestyret 22.06.23. Tiltak i heiltidskulturprosjektet som er nemnd i saka er m.a.: <ul style="list-style-type: none">- Heiltidserklæring- Oppgåvekartlegging- Utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi (ressurs til å leie arbeidsgruppe)- Permisjonspraksis (ressurs til å leie arbeidsgruppe)- Kompetanseprogram for verneombod, tillitsvalde og leiarar i helse og omsorg- Ressurs til prosjektleiing- Ressurs til å leie to arbeidsgrupper Saksdokumenta kan lesast her: https://innsyn.volda.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2020021635&	Svein Berit
30/ 23	Heiltidserklæring – politisk handsaming i mai/juni <ul style="list-style-type: none">- PSU: Vedteke 15.05.2023- Formannskapet: Vedteke 23.05.2023- Kommunestyret: Skal handsamast 22.05.2023- Før handsaming i kommunestyret skal erklæringa skrivast under av partane	Berit Nina
31/ 23	Heiltidsøkonomi m/Leif E. Moland <ul style="list-style-type: none">- Halv- eller heildagssamling hausten 2023- Berit tek saka opp i leiargruppa; om vi skal gjennomføre dette i samband med budsjettarbeidet, ev. tid for gjennomføring	Berit
32/ 23	Oppsummering etter 1. halvår 2023 GJENNOMFØRTE AKTIVITETAR <ol style="list-style-type: none">1. Heiltidserklæring Høy ing, vedtakssak i PSU og formannskapet i mai, kommunestyret i juni. Mål om å auke heiltidsandelen med 5% årleg, til heiltid er dominant i alle sektorane.2. Kick-off for heiltidskultur 09.02.2023 for STIM-gruppene i helse og omsorg, barnehage, skule, reinhald (1 dg.)3. Oppgåvekartlegging mai/juni 2023 Opplæring i oppgåvekartlegging blant turnustilsette i helse og omsorg (4 dg.)4. Heimeside for heiltidskultur https://www.volda.kommune.no/heiltidskultur5. Sju prosjektmøter6. Orientering i PSU og THO PLANLAGDE AKTIVITETAR <ol style="list-style-type: none">1. Utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi2. Permisjonspraksis3. Kompetanseprogram for STIM-gruppene i helse og omsorg4. Ev. opplæring i oppgåvekartlegging for andre avdelingar i helse og omsorg5. Skule: Kombinasjonsstillingar, fagdag og utlysingspraksis Håvard melder interesse om å delta i arbeidsgruppe for <u>utlysingspraksis</u> . Han er involvert i dette i oppvekstsektoren. Han har arbeidd med <u>kombinasjonsstillingar</u> , og laga eit notat om erfaringar.	Berit Nina Håvard



	<ul style="list-style-type: none">- I 2017 inngjekk sektor oppvekst og helse/omsorg eit samarbeid kring elevar som fekk tenestetilbod i begge sektorane.- Særleg aktuelt for barn/elevlar som får tenester gjennom avlastning / barnebustad, med behov for særskilt tilrettelegging i skule/SFO- Å møte dei same vaksne gjennom heile døgnet fører til auka føreseielegheit for barnet, og gjennom det føre til auka stabilitet og tryggleik. I sum forventa ein då og auka kvalitet for barnet.- For den tilsette gjer denne ordninga det mogleg meir attraktivt, ved at ein kan få meir av si totale arbeidstid på dagtid. Det er og ei ordning for å kunne sikre auka stillingsstorleik for den enkelte tilsette.- Kombinasjonsstillingar er viktig for å skape felles forståing på tvers i organisasjonen- Ein må sjå på om ein treng midlar til tilsvarende tiltak vidare <p>6. Barnehage: Permisjonspraksis og 1000 første dagar Moglege tiltak i barnehage.</p> <p>Etter ferien arbeidar vi vidare med planlagde tiltak.</p>	Anita
33/ 23	Leiarutviklingsprogram (kompetanseprogram) 4 halvdagssamlingar à 2 dagar, haust/vinter 2023/24 <ul style="list-style-type: none">- Berit tek saka opp i leiargruppa; tid for gjennomføring av opplæring	Berit
34/ 23	Fagdag sektor oppvekst 18.08.2023 Det er avtalt at heiltidskultur vert tema på fagdagen til sektor oppvekst fredag 18. august, på VCA. Dette må følgjast opp vidare med oppvekstsjefen.	Berit Per Ivar
35/ 23	Framdriftsplan, møter i 2023 <ul style="list-style-type: none">- 05.01.23: Prosjektmøte/førebuing KICK-OFF mv.- 09.02.23: KICK-OFF samling heile dagen- 02.03.23: Prosjektmøte; etterarbeid KICK-OFF, vegen vidare mv.- 11.04.23: Prosjektmøte; høyringssvar Heiltidserklæring mv.- 11.05.23: Prosjektmøte; Førebuing oppgåvekartlegging mv.- 22.-23.05.23: Oppgåvekartlegging samling 1- 06.-07.06.23: Oppgåvekartlegging samling 2- 15.05.23: PSU vedtak om heiltidserklæring- 23.05.23: Formannskapet vedtak om heiltidserklæring- 08.06.23: Prosjektmøte; Oppsummering 1. halvår, plan for 2. halvår- 22.06.23: Politisk sak i kommunestyret heiltidserklæring- 21.09.23: Prosjektmøte; planlegge aktivitetar 2. halvår- Prosjektmøte i okt. 23 -> 1 møte/mnd.- STIM-gruppene arbeidar vidare på sine avdelingar	Nina Berit
36/ 23	Neste møte Torsdag 21.09.2023 kl 09:00-11:00 , Volda rådhus, Voldsfjorden 1.etg. Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen.	Nina